



Tilleggsgebyr: Minireinseanlegg der rejecktvatn ikkje vert ført tilbake til anlegget

Rejektvatn er returvatn etter avvatning av slam frå avløpsanlegg ved tømning. Når avløpsslammet vert avvatna i tømmebilen, vert det tilsett polymer, eit kjemisk stoff som får slammet til å klumpe seg. Tørrmassen vert igjen i bilen, og vanlegvis vert rejecktvatnet ført tilbake til slamavskiljaren. Ved nokre typar minireinseanlegg skal ikkje dette rejecktvatnet førast tilbake, då det kan ha negative konsekvensar for drifta av reinseanlegget. Dette gjeld til dømes anlegg frå Biovac og GreenRock. Ta kontakt med leverandør eller servicepersonell for ditt anlegg for meir informasjon.

Tilleggsgebyr for anlegg der rejecktvatnet ikkje skal førast tilbake, vert registrert etter melding frå leverandør eller servicepersonell for denne typen avløpsanlegg.

Fleire avløpsanlegg vert no etablerte med løysingar der rejecktvatn ikkje skal førast tilbake. I ny kontrakt inngått med renovatør i 2024 er desse kostnadene spesifiserte. Gebyra bidreg til å dekkje kostnadene med transport og handtering av rejecktvatnet.

Dersom ditt anlegg ikkje skal ha rejecktvatn tilbake etter tømning, og du ikkje har fått gebyr for slik tømning ved dei kommunale gebyra, ta kontakt med Voss herad, så melder me dette til renovatøren.

Tilleggsgebyr: Tømning med liten bil eller traktor

Fleire anlegg vert no etablerte der tømning av slam må utførast med liten bil eller traktor som fylgje av tilkomstvegen til avløpsanlegget. Dersom ordinær slamtømmebil ikkje kjem til, må ein nytte mindre køyretøy. «Liten bil» er ein tømmebil som er mindre enn ordinær tømmebil. I ny kontrakt inngått med renovatør i 2024 er desse kostnadene spesifiserte. Gebyra bidreg til å dekkje meirkostnader med tømning med liten bil og traktor.

Dersom ditt anlegg må tømmast med liten bil eller traktor, og du ikkje har fått gebyr for dette ved dei kommunale gebyra, ta kontakt med kommunen, så gir me melding til renovatøren om dette.